



22 var med på den utsette Ulvanåso-turen

**Den tradisjonelle vårturen på Ulvanåso sist helg måtte utsetjast, men denne søndagen vart den gjennomført med bravur.**

22 spreke og turvante folk møtte i Tveitedalen og Svein Bergseth og Ove Stokka skriv i ein "rapport" at turen baud på ein høveleg blanding av god fysisk aktivitet, lokalhistorie, kulturinnslag, storslått natur og sol over kvite vidder,

- Vi hadde inntrykk av at det fall i smak hjå dei fleste. I alle fall var det mange blide og brune ansikt å sjå då vi tok farvel, skriv dei to.

Etter ein god halvtime med skia på ryggen var det, tradisjonen tru, rast ved stølsveggen på Dyrrindo. Denne gangen valde dei den austlegaste ruta vidare mot toppen om Sætraskårsnuten og Økterdalstind og fekk høve til å nyta utsikten mot Matrefjorden og fjellheimen i aust.

På veg mot toppen kom sola for alvor fram, vinden stilna og gruppa kunne nyta utsikten 360 grader rundt med byfjella rundt Bergen i nord, Bømlø ute i vest, Haugalandet og Ryfylkefjella i sør og Folgefonna i aust. Nedturen gjekk fint på godt skiføre og det vart sjølvsagt ein rast i Snøholo.

Gruppa fekk med seg skikkeleg påskestemning, lunt og godt med nysnø og strålande sol. Den yngre garde og nokon av dei litt eldre med, nytta høvet til aking i laussnøen.



Dei nyt rasten i Snøholo: Frå venstre Mette Ulvesæter, Ove Stokka, Sissel Stigum og Wenche Enes.